ALVER
KOMMUNE

VEST VVS AS
Torvhusmyrane 18
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:8KZI7Z- Skjemanr.:3934<br>Vår: 21/10407 - 21/85688 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 16.12.2021 |

# Mellombels svar på rørleggermelding - GBNR 355/65 Skjelanger

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn, privat avløpsanlegg
**Byggjestad:** Skjelangervegen – GBNR 355/53
**Tiltakshavar:** Kåre Skjelanger
**Anvarleg søkjar:** VEST VVS AS v/Einar Stusdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tinglyst rett til å legge privat stikkleidning over gbnr 355/4, der ny bustad skal knytte seg eksisterande privat leidningsnett. Sjølv om gbnr 355/4 og gbnr 355/65 har same eigar,skal det ligge føre tinglyst erklæring om rett til å gå over annan manns grunn, da dette er to uavhengige eigedomar.

2. Tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for den del av leidningsnettet som vert felles fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning. Noe av leidningsnettet vert felles mellom gbnr 355/4 og gbnr 355/65, noe vert felles mellom gbnr 355/4, gbnr 355/65 og gbnr 355/45 ihht til innsendt situasjonsplan. Eigedomane gbnr 355/46, 355/56 og 355/53 har også innlagt kommunalt vatn. Det må difor sjekkast ut om disse også er knytt på felleskum. Er dei det, må disse også takast med i erklæringa.

3. Situasjonsplan som viser rørføring frå veggliv nytt bygg til tilknytingspunkt kommunalt leidningsett.

4. Utsleppsløyve skal ligge føre før tilknyting til kommunal vassleidning vert handsama.

Tinglyste avtaler skal omfatte nødvendige rettigheitar. Det skal i avtalane opplysast om at avtaler ikkje kan avlysat utan samtykke frå Alver kommune, Teknisk forvaltning og drift, org.nr. 920290922.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp har heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 2.3 rett til å krevje tinglyste avtaler.
www.va-jus.no/wp-content/uploads/2012/03/Administrative_bestemmelser.pdf

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning legg ved forslag til slike avtaler.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.05.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kåre Skjelanger | Skjelangervegen 983 | 5917 | ROSSLAND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| VEST VVS AS | Torvhusmyrane 18 | 5913 | EIKANGERVÅG |